



## Møtereferat

<b>Møte nr. 1 i:</b> <b>Utval for eigarskapsmodellar</b>	<b>Dato:</b> 15.02.2017	<b>Tid:</b> Kl. 11.00 – 12.00
<b>Møteleiar:</b> Atle Dåvøy	<b>Stad:</b> Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
<b>Medlemer som møtte:</b>  Atle Dåvøy Kari-Anne Landro* Egil Haaland Helena Morland Hansen Daniel-Victor Sandvik  * Kari-Anne Landro måtte gå frå møtet rett før kl. 11.00 då det ordinære møtet starta	<b>Forfall:</b> Ingen	
<b>Andre:</b> Tre representantar frå Fjell Bustadstifting fekk før ordinært møte vart sett, leggja fram ein presentasjon om stiftinga for utvalet.		
<b>Referent:</b> Jarle Kåre Oen		

Saksnr	Sakstittel
<b>11/18</b>	<b>Godkjenning av innkalling, saksliste m.v</b>  <b><u>Vedtak</u></b>  Det var ingen merknader til innkalling og saksliste som vart godkjent.
<b>12/18</b>	<b>Referat- og orienteringssaker</b>  Referat frå 25. januar 2018 var utsendt i lag med innkallinga.  <b><u>Vedtak:</u></b>  Det var ingen merknader til referatet som vart godkjent slik det ligg føre.



<b>13/18</b>	<b>Tilbakemelding frå infomøte med selskap/interesseorg. m-fl.- torsdag 15. februar</b> <p>Dette møtet vart halde rett føre møtet i eidedomsutvalet. Det var godt oppmøte med nærare 30 personar inkludert administrasjon og utvalsmedlemmer. Utvalsleiar Atle Dåvøy gjennomførte sin presentasjon. Det kom spørsmål og kommentarar som utvalsleiar svara på.</p> <p>Avslutningsvis presiserte utvalsleiar at eidedomsutvalet i tillegg til dei innspel og kommentarar ein no vil få, også vil sjå til andre kommunar som kan visa til gode resultat knytt til organisering av eigarskapsmodellane. Utvalet går no inn i slutfasen av sitt arbeid.</p> <p>Det vart presisert frå leiar i Fellesnemnda, Kari-Anne Landro, at det vert opna for vidare involvering etter at saka vert lagt fram for Fellesnemnda.</p> <p>Fleire av representantane kom med kommentarar knytt til vidare involvering og spørsmål om prosessen både fram til no og vidare. Den føreståande dialogen med skriftlege innspel vil kunna ivareta desse omsyna og forventningane frå involverte selskap og deira fagtiltillsvalde.</p> <p>Fjell Bustadstifting sin styreleiar /daglege leiar ba om å få føreleggja ein presentasjon for utvalet i etterkant av informasjonsmøtet. Dette sa utvalet ja til.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Utvalet konkluderer med at informasjonsmøtet i forkant vart gjennomført på ein god måte og at dialogen med dei involverte er oppretta.</li><li>2. Utvalet syner til Fjell Bustadstifting sin presentasjon som vart lagt fram for utvalet før ordinær saksliste vart påbyrja. Presentasjonen følgjer referatet. Utvalet tek presentasjonen til orientering.</li></ol>
<b>14/18</b>	<b>Rapportutkast versjon datert 08.02.2018- drøfting</b> <p>Utvalet starta behandlinga og kom fram til side 15 i rapportutkastet. Vidare behandling vert utsett grunna tidsnaud.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b> Saka vert teken opp att i neste møte. Ny versjon datert 15.02.2018 vert lagt til grunn.</p>
<b>15/18</b>	<b>SWOT-analyser og vekting av ulike modellar</b> <p>Det vart ikkje tid til å handsama denne saka i dette møtet.</p>



NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE

	<p><b><u>Vedtak</u></b></p> <p>Saka vert utsett og teken oppatt på neste møte.</p>
<b>16/18</b>	<p><b>Neste møte</b></p> <p>Då utvalet ikkje kjem ajour med sakene i møtet, vert det bestemt eit ekstramøte utanom ordinær møteplan.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b></p> <p>Utvalet vedtek å gjennomføra eit ekstramøte <u>torsdag 22. februar 2018 - kl.09.00 -12.00.</u></p>

Skjenet 2, 20.02.2018

Jarle Kåre Oen  
Prosjektmedarbeidar  
Nye Øygarden kommune